



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Ragnhild Røsseland, 5557 2061

Vår dato  
27.02.2014  
Dykkar dato  
13.02.2014

Vår referanse  
2014/2147 421.3  
Dykkar referanse  
14/133

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

### Uttale til - Lindås - Gnr 88 Bnr 1 - Marås - Frådeling til naust - Disp

Vi viser til dykkar brev av 13.02.14 som vi har motteke til uttale. Saka gjeld frådeling av tomt til naust.

#### Bakgrunn

I arveoppgjer frå førre generasjonsskifte på eigedommen gbnr 88/1 er det tinglese i skøyte av 1975 at «*Eigaren av bnr.17 skal ha nausttomt ved sjøen og vegrett til sjøen*». Det er i denne samanheng søkt om dispensasjon for veg og frådeling til nausttomt i LNF-område ved Mårås. Det omsøkte tiltaket ligg inne i eit område som er klassifisert som regionalt viktig friluftsområde. Området er i samarbeid med Bergen og omland friluftsråd (BOF) tilrettelagt for telting og friluftsliv, og er eit viktig område for padling. Kommunen meiner etter ei grundig vurdering at fordelane ved dette tiltaket er større enn ulempene, og at det bør kunne gjevast dispensasjon slik det er søkt om. I tillegg legg kommunen fram ei alternativ plassering som ligg 100 meter lenger sør, ved eksisterande naust.

#### Juridisk grunnlag for dispensasjonsvurderinga

Kommunen kan ikkje gje dispensasjon dersom omsyna bak det føremålet området er sett av til i gjeldande arealplan, eller reglane det er søkt om dispensasjon frå, vert vesentleg tilsidesett. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering, jf. § 19-2 i plan- og bygningslova.

#### Vurdering

Framføring av veg og frådeling av nausttomt som omsøkt vil, som kommunen peikar på, gjere eit viktig friluftsområde lettare tilgjengeleg for fleire brukargrupper. Området er i dag prega av urørt naturlandskap og strandsone. Det er også registrert som eit regionalt viktig friluftsområde. Inngrep i dette området i form av veg, frådeling av tomt og etter kvart bygging av naust vil endra uttrykket til dette urørte landskapet. Omsyna i pbl § 1-8 om tiltak langs sjø og vassdrag, omsynet til det samanhengande urørte landskapet og viktigheta av dette området som arena for friluftsliv i urørt natur er tungtvegande i denne saka. Fylkesmannen har vore i kontakt med Bergen og omland friluftsråd, som rår ifrå omsøkt dispensasjon.

På bakgrunn av dette rår Fylkesmannen til at omsøkt frådeling vert lokalisert til kommunen sitt alternativ 2, ved allereie eksisterande naust.

Med helsing

Kari Elster Moen e.f.  
Seniorrådgjevar

Ragnhild Røsseland  
Rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*